

Ole I. Solholm til minne



Skolesjef Ole I. Solholm døydde på Vestnes 2. januar 1988, 82 år gammel. Med han er ein kunnskapsrik mann gått bort, men stillfarande og smålåten som han var, stakk han seg ikkje fram i utrengsmål. Han hadde eit uvanleg godt minne, og dette saman med ein sikker sans for skriftlege formuleringar, gjorde han til ein ettertrakta lokalhistorisk forfatter. Dette med å skrive lokalhistorie var noko han tok til med etter at han var kommen attende til Romsdal som pensjonist, og det var då eg lærde han å kjenne.

Ole I. Solholm var fødd på den vesle garden Solholm på Otrøya.

Saman med 9 søsken voks han opp under små kår, økonomisk sett, men likevel greidde han å skaffe seg midlar nok til å fullføre lærarskolen. Han tok eksamen i Volda i 1927, men tidene var vanskelege. Saman med 2300 andre lærarar var han utan stilling til 1929 då han fekk lærarposten Rindarøy/Solem/Mordal i Aukra kommune. Dette var langt frå nokon «idealpost» som han sjølv sa det, men han hadde denne sterkt oppdelte stillinga til 1945. Dei siste åra var spesielt vanskelege, etter som familien måtte evakuere til Otrøy medan han sjølv var vekependlar.

I 1946 tok han eksamen ved Statens Sløyd- og Teikneskole på Notodden. Etter eit par år ved Åsbygda skole i Vestnes, flytta han til Volda. Her var han til han gjekk av med pensjon. I åra 1947-67 var han Statens sløydinspektør i Trøndelag distrikt, og den stillinga låg vel til rette for han, så interessert som han var i handverk og husflidsarbeid.

Som pensjonist slo Ole I. Solholm seg ned på Vestnes der familien hadde slekt og vener. Trass i sjukdom, var det utruleg kor mykje lokalhistorie han fekk produsert frå sist i 1970-åra til han døydde. Han skreiv mest på oppmoding, for det låg liksom ikkje for han å be om spalteplass. Men det han tok på seg å skrive, det gjorde han grundig og skikkeleg. -

Det aller beste var kanskje at han - på førespurnad - tok opp emne som få eller ingen før har behandla skriftleg.

Mange er dei som i notid og ettertid vil sende han ein stille takk for at han tok seg tid til å skrive ned dei mange hundre sidene med minnestoff som han gjorde i pensjoniståra, og for at han gjorde det på ein så framifrå måte. I eit av dei mange breva eg fekk frå han stod det ein gong: «Ein treng ikkje bruke eit fattig språk om ein skal skildre fattige forhold». Slik var han, og slik vil vi minnast han.

Bjørn Austigard

Ole I. Solholm lokalhistorisk forfatterskap

I Romsdal Sogelags årsskrift:

Bergingsmenn (Andreas. Peder og Sigurd Lønes), årsskrift 1980. s. 162-165.

Gamalt som gløymest. Frå daglegtale og dialekt, årsskrift 1982. s. 186-197.

Frå kvardag og helg. Ymse frå ein kvardagsheim for 70 år sidan, årsskrift 1983. s. 85-101 og årsskrift 1984, s. 137-157.

Kløvhaugen på Otrøya, årsskrift 1985, s. 46-58.

«Gangsbeine» frå eigen skog. Noko om korleis ymse treslag vart utnytta på Otrøya. årsskrift 1986, s. 120-129.

I «Kongens klede» på Setnesmoen 1929, årsskrift 1987, s. 158-175.

I Romsdalsmuseets årbok:

Garnbinding og garnbøting, årbok 1983. s. 93-114.

Færingen - torøngen. Ord og uttrykk, bruk og stell på Otrøya, årbok 1984, s. 97-122.

Båtammn frå Romsdal, årbok 1985, s. 22-27.

Matfisk og «uffisk», årbok 1986. s. 25-40.

Andre artiklar:

Småstubar frå «Gamalt som gløymast», Aukra gjennom tidene 1981. s.7-11.

«Dei gamle skulehusa. Dei gamle lærarane». Nokre etterord. Aukra gjennom tidene 1982, s. 45-46. (Om Hans Kr. Løvik).

Minne frå første lærarposten min. Solem og Rindarøy. Minne frå skuletida. Aukra 1982. s. 5-9.

Skulestellet i Nord-Aukra kommune 1924-1945. Aukra kommune 150 år, Elnesvågen 1987, s. 194-222.

Det har vore bjørn på Otrøya. Lokalhistorie frå Midsund 1984. s. 6-12.

Nokre gards- og stadnamn på Otrøya. Lokalhistorie fra Midsund 1984. s. 61-79.

I «Møre og Romsdal i nær fortid», Oslo 1984, har han bidrag under følgjande overskrifter:

Helsestell og folkemedisin, s. 84-88.

Farande folk, s. 111-112.

Arbeidsliv, s. 161-164 og 189-190.

Manuskript som ikkje er trykte:

«Ikkje rettare eg minnest» med vedlegg (Bidrag til minneoppgåve for eldre 1981) ca 150 maskinskrevne sider. omlag 1/3 av dette er trykt til no.

På Finnmarksfiske 1928. Minne og meiningar. 27 maskinskrevne sider.

Bjørn Austigard